



HORDALAND
SKIKRETS

Til

- Skikretsstyret
- Greinkomiteane
- Skigruppene
- Valkomiteen

Bergen, 07.07.2021

INNKALLING TIL SKIKRETSTINGET 2021

1. INNKALLING

Skikretsstyret kallar med dette inn til Skikretssting (jfr. HSK – lov §13)

Stad: *Bergen, Idrettens hus – Brann stadion og DIGITALT.*

Tid: *Torsdag 26. august 2021
1800 – 2000*

2. RAMMEPROGRAM

Vårmøtene i grein er allereie avhaldne, slik at det kun vert kretsting- delen med tilhørande program. Det vert berre ordinære kretsting-saker og ikkje saksframlegg frå styret eller komiteane som treng meir utgreiing til laga.

Kl. 18:00 Opning av Skikretstinget 2021

- Program med saksliste for behandling av tinget. (Sakslista og programmet vert oppdatert 1 veke før).

Kl. 20:00 Avslutning

3. STEMMEBERETTIGA PÅ TINGET

På skikretstinget møter med stemmerett. (Basert på presisering i lov for godkjenning på tinget 2019)

- a) Skikretsstyret
- b) Representantar frå laga etter følgjande skala:

For medlemstal t.o.m 50	- 1 representantar
For medlemstal 51 t.o.m 150	- 2 representantar



HORDALAND
SKIKRETS

For medlemstal 151-

- 3 representantar

Representantar frå idrettslaga må vere valt på årsmøte eller oppnemnt av styret etter fullmakt frå årsmøte og påmeldt innan 12. august.

Elles er tinget ope for observatørar som ynskjer å følgje tinget.

4. INNMELDING AV SAKER

Org. ledd som ønskjer å fremje saker på tinget må sende desse til skikretsen seinast

Torsdag 12. august 2021.

5. SAKLISTE

Skikretsen har ikkje saker som krev utgreiing eller gjennomgang i laga, før kretstinget. Eventuelle saksframlegg utanom normale årsmøtesaker kjem difor eventuelt frå laga. Fullstendig sakliste med vedlegg vert sendt ut seinast 1 veke før tinget.

6. DELTAKING FRÅ BEGGE KJØNN

På skikretstinget skal det vere representantar frå begge kjønn.

Kjønnsfordelinga i medlemsmassen til skikrinsen er retningsgjevande for samansetninga.

7. ØKONOMI

Representantane (laga) må sjølve dekke sine kostnader med reise.

- Skikretsen sørger for lett bevertning for dei som tek turen til Brann stadion - Idrettens hus i Bergen.

8. PÅMELDING

Påmelding til Kretstinget gjer ein via Questback ved å følgje denne lenka:

<https://response.questback.com/norgesskiforbund/6hrex7lj7>

Det er opent for observatørar om det er slik at ein ikkje er ein av dei som representerer laget. Dette registrerer ein i påmeldinga.

NB! Frist for påmelding til Skikretstinget er **torsdag 12. august 2021.**

Skikretsstyret ynskjer vel møtt til Skikretsting!

Med venleg helsing
Hordaland skikrets

Johan Børsheim (s)
Leiar

Bernt Rusten (s)
Adm. sjef